

Hei Christel og Leif.

Viser til sak 091/2016 vedr frådeling og sal av naust i Bøvågen som vart utsatt i forrige Hovuutvalsmøte, og vil på vegne av eigar av naustet Olav Haugland (som for tida er i Thailand) komme med eit innspel i denne saka.

Ifølge innstilling frå Rådmann når det gjeld utforming/avgrensing av ny naustetomt så meiner rådmannen at omsøkt parsell er for stor i høve til føremålet, og at storleiken av naustetomten kan gje negativ verknad for ålmenta si tilgang til området og spesielt tilkomst til ytre del av neset og refererer til delingssak for naust på gbnr 24/14 (24/312)Bø, arkivsak 15/1558. Rådmannen rår ut i fra dette vedtaket til at eigedomsgrensa for naust eigedomen skal gå maks 0,5 meter frå vegglivet på alle sider av bygningen, men slik at eventuelt eksisterande, opparbeidd kaiareal og areal i vest mellom bygningen og sjø kan inngå i eigedomen.

Olav Haugland kan sjå seg einig i dette, men tanken var at det skulle være litt eigedom med i eit eventuelt salg av eigedomen for at det ikkje skulle komma til interesse konfliktar dersom han avhenda resten av eigedomen til ein annan part. Han ønskjer derfor at Hovudutvalet tar ein befaring ved naustet, og ser på kva som vil være ei naturlig omringing/eigedomsgrense rundt naustet, dette gjeldt spesielt på austsida. Då ei eigedomsgrense på 0,5 m på alle sider utan om kai område vil kunne gjere det vanskeleg om ein vil oppbevare utstyr, teiner eller andre reidskaper utanfor naustet om resterende areal blir solgt til andre interesser. Så hans oppmoding er at Hovudutvalet tar ei befaring og kjem med ei anbefaling etter befaringa. Underteikna vil stille som Olav Haugland sin representant ved ei eventuell befaring.

Vedlagt finn de innteikna mål på tomten. Tomten er som sagt ein naturleg del av naustet, i og med at tomten er skutt ut i fjellet, og det laga ei skjæring som er fra 3,5-4,0 m høg i bakkant (austsida) av naustet. Avstanden frå naust til skjæring er mellom 5,0 og 3,5 m. Eigedomsgrensa bør derfor gå opp på kanten av denne skjæringa. Ved ei frådeling av naust/tomt bør det settas opp gjerde som sikring langs heile denne skrenten for å sikre dei som eventuelt vil ferdas i området.

Med vennleg helsing

*For Olav Haugland
Henning Haugland*

Mail: henninghaugland@me.com
Tlf: +47 4013 6666